

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.03.2014

Handsaming i møte

Det kom opp desse sakene under eventuelt:

Lokalisering av møtet i kontrollutvalet 25. – 26.8.14

Kontrollutvalet ønsker at møtet i august skal leggjast til indre Hardanger med synfaring/besøk i kommune (-ar). Vidare er det ønskeleg med synfaring/besøk på institusjonar el. i området som får fylkeskommunalt tilskot. Utvalet ber om at sekretariatet førebrur møtet ut frå desse signala.

På bakgrunn av dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebrur augustmøtet med lokalisering til indre Hardanger inkludert synfaring/besøk i kommune (-ar). Vidare er det ønskeleg med synfaring/besøk på institusjonar el. i området som får fylkeskommunalt tilskot.

Ny dato for møtet 22.september

Leiar i kontrollutvalet er bortreist 22.9.14. På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om å endre møtedatoen til 19.9.14.

Slikt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møtet i kontrollutvalet som var planlagt til 22.9.14 vert endra til 19.9.14.

Hendvending frå Eidsland Grendalag angåande FV 569

Kontrollutvalsleiar Torill Vebenstad og kontrollsjef Hogne Haktorson orienterte om henvending utvalsleiar har motteke frå Eidsland grendalag. Vidare orienterte kontrollsjef om undersøkingar sekretariatet har gjort med samferdselsavdelinga i høve denne henvendinga. Det er m.a. komme fram at administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har lova at dei vil sende svar til grendalaget.

På bakgrunn av informasjonen som kom fram gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Kontrollutvalet utset handsaming av denne hendvendinga til Hordaland fylkeskommunen har sendt svar til Eidsland grendalag.